



Stian Helland ( 47 år ) er tilsett som ny sokneprest i Uskedalen.

**Eit samrøystes bispedømeråd har tilsett Stian Helland ( f. 1972 ) som sokneprest i Uskedalen. Helland kjem frå Fitjar og har sin bakgrunn, før han vart prest, som næringsdrivande innan byggfag og boligutvikling. Etter 6 års studie og ferdig teolog har han vore tilsett som sokneprest i Ringsaker.**

Stian Helland er gift. Kona, Kjersti, er tilsett som beredsskapsrådgjevar i Sjømannskyrkja med kontor i Oslo, men med arbeidsområde internasjonalt. Stian og Kjersti har saman vore engasjerte i sjømannskyrkja i New Orleans. Helland har teologisk embetseksamen frå studie ved Menighetsfakultetet.

Stian Helland reknar med å ta til i den nye jobben frå etter sommarferien. Kjersti og Stian har tre born. Den yngste sonen er konfirmant til våren. Markeringa skal vera i Ringsaker. Familien ynskjer å bu på Huglo, men Stian vil finna ei lokal buform som gjer at det let seg gjera å vera prest i Kvinnherad.

Helland har god erfaring i arbeidet med konfirmantane og det frivillige gudstenestelivet. Kyrkja skal ha ein viktig funksjon og relevans i lokalsamfunnet. Gudstenesta og liturgien er viktig. Det same er salmesongen og kyrkjemusikken. Dette er noko av det den nye soknepresten vil ha fokus på i si teneste i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Bispedømekontoret/ Kristian Bringdal



Uskedal sokn har med dette fått ny sokneprest etter at Lina Håland valde å flytta til Sandnes.